

02.11.2009

Hagetunet også for vanskelegstilte



Det er dei fire bustadane som skal byggjast på den gamle muren og som er vist på denne skissa som skal disponerast for vanskelegstilte

Torsdag skal verksemdsleiar for Rosendal-sona Leif K. Kongestøl orientera formannskapet om ei samarbeidsavtale som skal inngåast om bustader for vanskelegstilte i Uskedalen.

Han opplyser til uskedalen.no at det gjeld Hagetun-prosjektet som Alf og Johannes Hjønnevåg og Trond Lekva Myklebust har overteke frå Morten Harsvik og som dei skal byggja ut i nær framtid.

Kongestøl opplyser at kommunen skal disponera dei fire bustadane som skal byggjast på den gamle muren i hagesenteret.

Ved at kommunen får disposisjonsretten sikrar ein gunstige husbanklån. Avtaler om leige og anna blir inngått direkte mellom partane.

- Kva legg kommunen i ordet "vanskelegstilte", Kongestøl?

- Det omfattar slike som ikkje har god nok inntekt til å skaffa seg ein bustad. Det kan vera så mange kategoriar. Avtala vil altså gjelda dei fire bustadane på muren. Behovet er i høgste grad til stades - vi har allereie fleire enn fire brukarar på lista vår, opplyser Kongestøl.

I utgangspunktet har trioen bak dette prosjektet teke sikte på bustadbehovet til eldre, men brukar-omgrepene blir altså no utvida.

Opp i bakken mot Geilo blir det bygd seks tomannsbustader i tre hus og desse vil altså ikkje bli omfatta av samarbeidsavtala med kommunen.

Av Ola Matti Mathisen